



Vår dato
29.02.2024

Vår referanse
Hovudstyret

1. Styret si samansetjing:

Leiar: Vilde Hannevik Lien

Nestleiar: Trine Lie Smedegård

Økonomi: Ann Iren Hunderi

Sekretær: Kjersti Johnsgaard Dolmen

Styremedlemmar: Andrea Nesse Heggheim, Stine Gruben Breivik, Katrine Lomheim Nundal og Lene Risløw.

2. Styret sitt arbeid:

Nokre fysiske møter, elles har kommunikasjon føregått via gruppe på facebook og når me uansett møtast i hallen på torsdagane.

3. Aktivitet

Me starta opp med barneidretten i 2023 i veke 2 med småtrimmen i gymsalen og barneidretten i idrettshallen. Foreldre stod for vaffelsteiking og sal som før.

Ved eit høve i løpet av våren vart det laga og seld toast på barneidretten, dette var populært. Me jobber fortsatt med å vere bevisste på kosthald og forsøker å bidra ved å tilby sunnare og meir næringsrik servering når me kan.

Me byrja barneidrettsåret med turn/handball/dans. Turn er alltid populært og her trur vi at me alltid er fulle gruppe. Tusen takk til Åtil turn som stille opp kvar gong!

Handball setter me opp på aktivitetsplanen før kvar minihandball-turnering. Her får ungane leika seg med ball og spele litt på slutten. Takk til Nadiya Melnikova og Linn Hege Lereng Einan som stiller opp!

Me har hatt tilbod om ski tre gonger. Grunna vèrforhold vart eine skileiken avlyst, då heiv me oss rundt å lagde eit opplegg i hallen. Tusen takk til Åtil ski som stiller opp kvart år!

Som ein avslutning for 3. klasse, som no er ferdige med barneidrett, fekk borna kvar sin bag som vart delt ut på siste barneidretten på vårsemesteret.

Våren vart avslutta med rebus og frileik, der styret hang opp lappar med spørsmål rundt om på Tangen. Her fekk me inn mange svar frå aktive ungar og foreldre. Då var det gratis pølser til alle borna.

Hausten starta opp ein ryddedugnad frå styremedlemmane for å få ein oversikt over utstyr i hallen og i gymsalen. 4H starta haustsemesteret i veke 37 med å samle dei 2 eldste gruppene får ÅTIL og Jotun til felles samling med ulike aktivitetar i idrettshallen og ute på bana.

Postadresse
Årdalstangen Idrettslag
Postboks 171
6881 Årdalstangen

Besøksadresse

Epost: leiar@aatil.nomailto:post@ardal-utvikling.no
974 442 868

Telefon

Web

Bank
3730.20.06254
Foretaksregisteret
www.aatil.no



Vår dato
29.02.2024

Vår referanse
Hovudstyret

Elles har hausten bestått av vanlege aktivitetar og me gjennomførte den årlege reflekskvelden, men då utan politiet og Årdal Tenk Tryggleik som ikkje hadde høve til å møte. Denne kvelden er svært viktig å gjennomføra og gjev både liten og stor ei påminning om kor viktig det er med bruk av refleks. Ungene fekk flotte refleksar av Årdal Kraftlag!



Sesongen vart avslutta ved julegateopninga der barneidretten lånte ut batteridrevne lys til nissemarsjen frå Rema til rådhuset. Nissen hadde også hengt opp ei postkasse og nokon av ungene som hadde sendt ønskelister fekk ei julehelsing frå nissen.

Bassenget har me hatt ope 2 gonger, det var få som bada begge gonger. Me ynskjer at fleire tek livredingskurs, samtidig er me usikre om det er ein stort ynskje for å ha bassenget ope eller om det ikkje kjem tydeleg nok fram at bassenget er ope nokre torsdagar.

4. Økonomi

Budsjettet for 2023 var basert på normale inntekter. Barneidretten har god økonomi. Me har ikkje gjort nokon store investeringar, men forsøker å fornye utstyr når det er behov.

5. Medlemstal

Barneidretten hadde i 2023 90 påmeldte barn (mot 91 i 2022) fordelt slik på alderstrinn og kjønn:

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Gutar	8	8	11	9					
Jenter	10	-	7	2					
Total	18	8	18	11	8	15	8	5	

Postadresse
Årdalstangen Idrettslag
Postboks 171
6881 Årdalstangen

Besøksadresse

Epost: leiar@aatil.nomailto:post@ardal-utvikling.no
974 442 868

Telefon

Web

Bank
3730.20.06254
Foretaksregisteret
www.aatil.no



Vår dato
29.02.2024

Vår referanse
Hovudstyret

Gruppevis vert inndelinga slik:

Småtrimmen: 38 stk (36 stk i 2022)

Første gruppa (5åringar og 1.klasse): 27 stk (29 stk i 2022)

Andre gruppa (2.og 3.klasse): 27 stk - (26 stk i 2022)

Fødde i 2015 – 1 jente og 5 gutar

Fødde i 2016 – 4 jenter og 12 gutar

Fødde i 2017 – 3 jenter og 12 gutar

Fødde i 2018 – 7 jenter og 5 gutar

6. Oppgåver i året som kjem

Me vil i 2024 fortsetja å ha god og variert aktivitet for ungane. Me ynskjer å ha tilbod om bading etter kvart som me får godkjente badevakter til å stilla. Etter det me har erfart og tilbakemeldingar frå foreldre i haust ynskjer me å dele opp småtrimmen i 2 grupper for å unngå for mange born i frileik som har med seg gjerne 2 føresette. Desse endringane trådte i kraft i januar 2024.

Val:

Leiar:	Vilde Hannevik Lien – ikkje på val
Nestleiar:	Trine Lie Smedegård – på val, tek ikkje attval
Kasserar:	Ann Iren Hunderi - ikkje på val
Sekretær:	Kjersti Johnsgaard Dolmen, ikkje på val
Styremedlem 1:	Katrine Lomheim Nundal, ikkje på val (Trer inn som nestleiar) Sverre Heggheim er valt inn som nytt styremedlem
Styremedlem 2:	Lene Risløw – på val, tek ikkje attval Jorid Kristin Østvik-Tillung
Styremedlem 3:	Stine Gruben Breivik, ikkje på val
Styremedlem 4:	Andrea Nesse Heggheim – på val, tek attval

Postadresse
Årdalstangen Idrettslag
Postboks 171
6881 Årdalstangen

Besøksadresse

Epost: leiar@aatil.nomailto:post@ardal-utvikling.no
974 442 868

Telefon**Web**

Bank
3730.20.06254
Foretaksregisteret
www.aatil.no



Vår dato
29.02.2024

Vår referanse
Hovudstyret

Signert og godkjent årsmelding 29.02.2024

Vilde Hannevik Lien
Leiar

Trine Lie Smedegård
Nestleiar

Ann Iren Hunderi
Kasserar

Lene Risløw
Styremedlem

Katrine Lomheim Nundal
Styremedlem

Kjersti J. Dolmen
Styremedlem

Andrea N Heggheim
Styremedlem

Strine Grubel Breivik
Styremedlem

Postadresse
Årdalstangen Idrettslag
Postboks 171
6881 Årdalstangen

Besøksadresse

Epost: leiar@aatil.nomailto:post@ardal-utvikling.no
974 442 868

Telefon

Web

Bank
3730.20.06254
Foretaksregisteret
www.aatil.no